



Valdansvarlege

## Administrativt vedtak

Saksnr.	Utval
024/23	Formannskapet

Vår ref.  
23/13-26

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Knut Fredrik Øi

Direktenr

Arkiv

Dato:  
15.06.2023

## Vedtak - Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Lærdal kommune 2023

### Kort samandrag:

Ny bestandsplan for hjort vart godkjend våren 2023. Den er utgangspunktet for tildeling av fellingsløyve for hjort i planperioden; 2023-25. Omsynet til skrantesjuka gjer at det er høge fellingsmål for hjort og elg.

### Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildeler Lærdal kommune følgjande fellingsløyve i 2023:

- 1 fellingsløyve på rådyr
- 66 fellingsløyve på elg
- 783 fellingsløyve på hjort

Lærdal kommune nyttar § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik minstearealet for tildeling av fellingsløyve på hjort og elg. For elg er avviket 50% for alle valda. For hjort er avviket ulikt, jamfør den godkjende bestandsplanen for hjort.

Alle grunneigarar som er med i eit godkjend hjortevald har, i tillegg til ordinær kvote, fri kvote på kalv i jaktåret 2023/24.

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm.

*Forskrift om forvaltning av hjortevilt*

### Saksutgreiing/vurdering

Som eit smitteførebyggjande tiltak mot CWD, har Miljødirektoratet og Mattilsynet tilrådd låg bestandstettleik av hjortevilt i områda kring Nordfjella og Hardangervidda. I sak 23/13-20 vedtok Lærdal kommune: «...Lærdal kommune har for perioden 2023-25 mål om høge fellingstal og vidare bestandsreduksjon. Aktuelle verkemiddel for dette skal identifiserast saman med Lærdal bestandsplanområde for hjort...». Lærdal bestandsplanområde for hjort

fekk i sak 23/13-21 godkjend ny bestandsplan for hjort for perioden 2023-25. Denne ligg til grunn for tildeling av fellingsløyve for hjort. Lærdal kommune nyttar også planen ved tildeling av fellingsløyve til valda som ikkje er medlem i bestandsplanområdet. Desse valda får fellingsløyva spesifisert på kjønn og alder, og løyva kan ikkje flyttast mellom år. Valda som ikkje er medlem i bestandsplanområdet har heller ikkje høve til å flytte fellingsløyve mellom vald.

Lærdal kommune har søkt Miljødirektoratet om dispensasjon til å ha fri kvote på hjortekalv. Dette er innvilga, og alle grunneigarar i alle hjortevald i kommunen kan i tillegg til tildelte løyve, fella eit uavgrensa tal hjortekalv i jaktåret 2023/24.

Av omsyn til ønskje om høge fellingstal, nyttar Lærdal kommune § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, og tildeler eit fellingsløyve for elg pr 4000 daa teljande areal. Dette utgjer eit avvik på 50% frå det forskriftsfesta minstearealet for elgvalda i kommunen.

Kommunedirektøren tilrår at Lærdal kommune tildeler følgjande fellingsløyve for jaktseasonen 2023/24:

- 1 fellingsløyve på rådyr
- 66 fellingsløyve på elg
- 783 fellingsløyve på hjort

Sjå vedlegg for fordeling til dei einskilde valda.

### **Klagerett**

Vedtaket kan etter forvaltningslova §28 påklagast. Klagefristen er 3 veker frå de er gjort kjend med vedtaket.

Ev klage sendast til:  
post@laerdal.kommune.no

Lærdal kommune  
Øyraplassen 7  
6887 Lærdal

Med helsing

Knut Fredrik Øi  
sakshandsamar

Magnhild Aspevik  
landbrukssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### **Vedlegg:**

**Dok.dato**  
15.06.2023

**Tittel**  
Lærdal rådyrvald 2023

**Dok.ID**  
217629

**Vedlegg:**

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
15.06.2023	Lærdal hjortvald 2023 - vald utan bestandsplan	217630
15.06.2023	Lærdal hjortevald 2023 - vald med bestandsplan	217631
15.06.2023	Lærdal elgvald 2023	217632